## Korleis lagar du boka?

1. Print ut boka i liggande format. Det kan vere lurt å bruke litt stive ark eller laminere dei.

2. Bind dei saman. Vi har nokre forslag til korleis du kan gjere det:

Alternativ 1: Ta hol med ei holmaskin øvst på langsida gjennom alle arka. Klipp to korte hyssingbitar. Stikk kvar hyssingbit gjennom kvart sitt hol, stram litt og knyt til slik at du kan bla rundt og rundt.

Alternativ 2: Bruk ein spiralinnbindar.

Alternativ 3: Gjer det på din eigen kreative måte. Målet er at du skal kunne bla i boka og presentere den for barna.

3. Boka er klar til bruk! Sett ho på stasjonen i Bravo-runden, eller kos dykk med ho i samlingsstunda. Korleis bruke boka i Bravo-runda? Sjå “Vi lærer om respekt og likestilling”.



Klipp ut lottobrikkene bakerst i boka.



# Nærmiljø og samfunn

## Respekt og likestilling

### Til samtalar denne veka

**respekt** - Kva meiner vi med å sjå om att? Kva skjer då? Først må vi tenkje oss om, og så kan vi sjå mennesket på nytt på ein annan måte, og då forstår vi kanskje mennesket betre.

**latin** - Latin er eit gamalt språk, og mange omgrep kjem frå dette språket. Latin vert også brukt til å lage nye ord og namn, særskild når vi klassifiserer dyr og plantar. Til dømes er Lynx lynx gaupe på latin.

**sjå** - Vi kan sjå med augene våre, og vi tolker det vi ser avhengig av kva for erfaringar vi har.

**ulik/lik** - Ulik tyder det same som anleis, lik tyder same sort.

**menneske** - Menneske kan bo ulike stadar, sjå anleis ut, snakke ulike språk og ha ulike meiningar. Verdien til kvart einskild menneske er like stor i alle høve.

Illustrasjon s. 1, 2, 12 og 15: Oddvar Almenning

# Respekt

(Å sjå om att.)



nynorsk

respekt

latin

sjå

ulikskapar

# menneske

**Ordet respekt kjem frå latin og tyder “sjå om att”.**

**Menneske er ulike, gutar og jenter, store, små, unge og gamle.**

**Sjølv om menneske er ulike, er alle like mykje verd.**

**Vi viser respekt når vi gjev plassen vår til nokon som treng han meir.**



1. **Kva tyder respekt?**

2. **Kva er alle menneske?**

3. **Når viser vi respekt?**

"Å sjå om att."

Når vi gjev plassen vår til andre.

Ulike, men like mykje verdt.

veit ikkje

**Klipp ut lottobrikkene!**





# Respekt

(Å sjå om att.)

# Respekt

(Å sjå om att.)

